

AVFALLS- GUIDE

Det er viktig at alle sorterer avfallet godt, og hjelper til med å halde området hyggeleg, reint og fritt for avfall.

Restavfall:

Restavfall er det avfallet som er til overs når du har kjeldesortert det du kan. Du kan kaste restavfallet i plastposar og kaste dei direkte i behaldar merka med restavfall.

Papp og papir:

Papiret skal vere tørt og reint, og ikkje tilgrisa av mat



Ja takk:

Aviser, blad, konvoluttar, kopipapir, papp, pappemballasje til frossen mat, juice- og melkekartongar, også dei som er foliert med plast og aluminium, og har skrutopp. Desse vil bli sortert ut i etterkant.

Nei takk: skiten og tilgrisa papir, innpakkingspapir, tørkepapir...

Plastemballasje:

Plastemballasje skal sorterast i blanke ÅRIM-sekkar

Det meste av plastemballasjen kan bli gjenvunne, så sant han ikkje er tilgrisa av olje, brannfarleg væske eller kjemikaliar.

Plasten skal vere rein og tørt når du kjeldesorterer han. Rask skylling i kaldt vatn er oftast nok. Viss ikkje, brukar du sunn fornuft. Er du i tvil, eller er plasten for vanskeleg å få rein, gjer han betre nytte i restavfallet.

Ja takk:

Flasker, (som ikkje kan pantast), kanner, plastfolie, posar, sekkar, beger, gummi, blomsterpotter, isboksar, kosmetikkflasker, vaskemiddelflasker...

Nei takk:

Våt, skiten og illeluktande plast. Gjenstandar av plast, leiker, klede, sko eller andre produkt av plast som ikkje er emballasje.

Glas og metallemballasje:

Glas og metall skal leverast til returpunkt.

Glas: glas brukt til mat og drikke, flasker utan pant, vinflasker

Metall: hermetikkboksar, metallboksar brukt til mat og drikke utan pant, aluminiumsprodukt, aluminiumsfolie.

No thank you:

Keramikk, krystall, kjøkkenservise, lyspærer, brannsikkert glas.

